

Rusproblematikken i ungdomsmiljøet – eit felles ansvar

Rusproblematikken blant ungdom er ei utfordring me ikkje lenger kan ignorere. Me ser stadig fleire ungdommar som kjem i kontakt med narkotika i alt for ung alder. Dette er ei utvikling som burde uroa oss alle!

Ungdomstida er ei svært sårbar tid kor eksperimentering og gruppepress står sentralt. Mange unge opplev eit stort press for å passe inn og for nokre blir rusmidlar ein del av denne prosessen. Det er ikkje lenger sånn at ungdommen treng å reise til Stord for å få tak i rusmidlar, eller at det nødvendigvis er meir rus på Stord. Det er heller ikkje vanskeleg å få tak i narkotika dersom ein ynskjer og sosiale medium er nok ein stor del av grunnen til det. Når ungdom møtes kan ein oppleve å sjå andre som tydeleg er rusa på andre ting enn alkohol. Kanskje har ein også fått tilbodet sjølv. Me synes det er trist at ein på offentlege arrangement kan sjå tydelege ruspåverka ungdom. Dette er ei svært negativ utvikling og sånn skal det ikkje vera.

Ungdomstida er ei sårbar og viktig periode der ungdom gradvis får meir ansvar, men dei kan ikkje stå åleine i denne prosessen. Foreldre spelar ei avgjerande rolle som trygge støttespelarar og gode rollemodellar. Difor er det viktig at dei tek eit tydeleg standpunkt og viser engasjement i ungdommen sitt liv. Mange foreldre er flinke til å køyre og hente ungdommane sine på fest. Noko me trur legg eit godt grunnlag for openheit og tillit. Likevel ser me ein tendens til at nokre foreldre er litt naive. Me meina ikkje at ein ikkje skal stole på ungdommen sin, men samstundes må ein vera bevisst på at ungdom ikkje alltid seier sanninga heime. Dersom ein ungdom ber om hjelp, eller nokon uttrykker ei bekymring for andre ungdommar kan ein ikkje vera blåøygd. Vaksne må følge med og plukke opp signal.

Ungdom kjem til å gjera feil, men det viktigaste er å vita at det alltid finst ein veg vidare. Me treng ikkje moralisering eller straff, men å bli møtt med openheit, forståing og trygge rammer. Difor er det avgjerande med vaksne som ser, lyttar og stiller opp. Det kan vera vanskeleg å opna seg om ein har «bomma skikkeleg», og nettopp derfor må foreldre vera merksame på teikn og vise at dei er tilgjengelege. Me håpar at foreldre vil vera meir til stades, ikkje berre som sjåførar, men også som trygge samtalepartnarar. Vidare ønsker me å oppfordra alle foreldre på Bømlo til å våga å ta dei vanskelege samtalane og setja tydelege grenser i lag med ungdommen. Det handlar ikkje om mistanke eller kontroll, men om å vera bevisst, engasjert og til stades. Slik kan me saman gjera ein forskjell!

Alis Natterøy, på vegne av Bømlo Ungdomsråd